

Fra: Sørensen, Willy (willy.sorensen@Fjell.Kommune.no)

Sendt: 22.09.2015 10:57:49

Til: Hans-Christian Engum

Kopi: Ordfører; Nesse, Steinar; 'Natås Magnus'

Emne: SV: Førespurnad om utsett frist - Sotrasambandet PlanID - 20130001

Vedlegg: image001.png

Hordaland Fylkeskommune

v/ Hans-Christian Engum

Hei!

Jfr dykkar søknad om utsett frist til 26.november for uttale til områdereguleringsplan for Sotrasambandet.

Fjell kommune aksepterer med dette søknaden for den del av planen som gjeld Fjell kommune.

Samstundes er det viktig at ein kan redusera konsekvensane av dette mest mogleg. Ein føreset difor at ein får oversendt fylkesadministrasjonen sitt saksførelegg så snart dette er klart for politisk handsaming, slik at ein har høve til å innarbeide evt. merknader og problemstillingar i dette så tidleg som mogleg i Fjell kommune sitt saksmateriale.

Ein vil også ta kontakt med Statens Vegvesen for å klargjere om det vil vere tenleg å be om eit møte med fylkeskommunen sin planseksjon i denne samanheng.

For Fjell kommune

Med venleg helsing

Fjell kommune v/ rådmannen

Willy Sørensen

Spesialrådgjevar

Fra: Hans-Christian Engum [mailto:Hans-Christian.Engum@hfk.no]
Sendt: 16. september 2015 13:08
Til: Sørensen, Willy
Emne: Førespurnad om utsett frist - Sotrasambandet PlanID - 20130001

Hei.

Reguleringsplan for Sotrasambandet har høyringsfrist 31. oktober. Hordaland fylkeskommune må handsame saka politisk, og saka vil bli handsama i fylkesutvalet 18/19. november.

Vi ber difor om utsett frist til 26. november for å kunne kome med fråsegn til planen.

Venleg helsing

Hans-Christian Engum
spesialrådgjevar
Regionalavdelinga | planseksjonen



Tlf: 55 23 90 22 | Mob: 97 14 78 48
www.hordaland.no